

Krig og okkupasjon 1940

114373

Svar til h.r.advokat A. Wiesener fra professor, dr. philos. Magne Skodvin

På grunn av reiser kan eg først nå svara advokat wiesener (Aftenposten nr. 73, 13/2). Lesaren må tilgi meg at eg utførleg refererer dei spørsmål advokaten stiller meg, men hans artikkel er vel ikkje heilt nærverande for alle, og eg vil gjerne ta saka alvorleg. Advokaten innleiер nemleg med å påstå at eg «nevner hele tiden bare de historiske opplysninger som passer en bestemt tolkning av avtalen og et bestemt rettspolitisk syn». Dette er ei svært alvorleg skuldning, kanskje alvorlegare enn advokaten i farten var klar over, for di advokatar stundom i stillings medfør må gjera nettopp det, men i historisk forskning er det dødssynd. Difor vil eg gjerne svara på dei spørsmål som altså skulle avslora min svindel.

Spørsmål: «Hvorfor drøfter ikke historikeren den militære situasjon i Norge og i Europa i juni 1940?» Svar: Eg gjorde dette i ein særskilt artikkel i Aftenposten 23. januar i år. Det er mitt utgangspunkt, at forhold i Norge må setjast inn i europeisk samanheng.

Spørsmål: «Når det var ein så vidspredd defaultisme overfor Tyskland etter dei store framgangane i 1940, «var det akkurat da så absurd å mene at Norges krigsdeltagelse tok slutt ved juni-avtalen?» Svar: Nei, kvifor skulle det vera absurd? Folk må meina det dei finn grunn til å meina. Men det var ei feil tolking av avtalen — reint bortsett frå at ordlyden i avtalen i det heile ikkje var offentleg kjend i 1940.

Spørsmål: «Hvorfor nevner ikke Skodvin under sin drøftelse av general Ruges fullmakt telegrammet fra generalen til legasjonen i Stockholm den 8/6 1940?» Svar: Fordi dette telegrammet ikkje opplyser noko om general Ruges fullmakt. Det er nå til det monotone påvist at fullmakta berre gjeld dei styrkar som vart verande att i landet, og at tyskarane var klar over dette. Advokat Wiesener synest resonnera slik: når ikkje alt dette straks vart sagt i det første telegrammet, så kan vi sjå bort frå det. Ein slik tankegang har ingen ting med historieforskning å gjera.

Spørsmål: «Hvorfor nevner ikke Skodvin i det hele tatt den tyske hovedforhandler general Buschenhagen og hans forståelse av avtalen?» Svar: I Aftenposten for 25/1 og på ny 16/2 i år har eg, som fleire gonger tidlegare, gjort greie for meldingane frå von Falkenhorsts stab den 10. juni. Oberst Buschen-

hagen var som kjent stabssjef. Der- som Wiesener meiner å kunna påvisa at stabssjefen meinte det motsette av det som står i meldingane, ville eg gjerne høyra nærare om det. Inntil så måtte skje, vil eg rå til å byggja meir på samtidige aktstykkene enn til dømes på brev skrivne i 1969 (som Hamsun i Aftenposten 16/2).

Spørsmål: «Hvorfor nevner ikke Skodvin offiserenes æresord om ikke å krige videre? Forteller ikke dette noe som helst?» Svar: Dei offiserane som straks førde krigen vidare, hadde ikkje gitt noko æresord i det heile. Dei offiserane som gav æresord i Nord-Norge, skreiv under på at dei ikkje skulle ta våpna opp att mot Det tyske rike eller Tysklands allierte «in deisem Kriege». Dette skreiv dei under på meir enn 14 dagar etter at Wiesener meiner at krigen var slutt.

Spørsmål: «Ville administrasjonsrådet, presidentskapets og forskjellige andre utmerkede personers og intitusjoners opptreden sommeren 1940 overhodet ha vært tenkelig, hvis alle disse hadde vært på det rene med at Norge fortsatt tok del i reell krigføring?» Svar: Det var utan tvil tenkeleg for den kommissariske statsråd, seinare medlem av Quislings «nasjonale regjering», professor Skancke, som mellom anna sa at administrasjonsrådet vart «satt på gaten igjen efter som det tydeligvis utelukkende fikk som sin oppgave ikke å føre nøytralitytspolitikk, men å støtte den til London flyktede Nygaardsvolds-regjering i deres krig mot besettelsesmakten» (foredrag i Sarpsborg 13/12 1941, referert i Fritt Folk 15/12, her sitert etter manuskriptet). Presidentskapets handlemåte var også utan tvil «tenkelig» på slike premiser, til dømes for ein så streng rettslærd som professor Jon Skeie. han skriv mellom anna: Alle måtte skjønne at en abdikasjon eller avsettelse bare var en frase, uten noen reell betydning» («Forhandlinger med tyskerne 1940», s. 46). Eg meiner ikkje med dette å uttala meg om realiteten, eg berre svarar på spørsmålet. Det var ikkje berre «tenkelig», det er såmenn både tenkt og sagt av svært representative peronar.

Spørsmål: «Deltok Norge i straffelovens forstand i fortsatt krigføring mot Tyskland etter 10. juni 1940?» Svar: Eg uttalar meg i det heile ikkje om korleis forhold og handlingar skal vurderast «i straffelovens forstand». Advokat Wiesener kjenner utan tvil mange rettslærde som uttala seg om dette med kompetanse. Dersom ein kut-

tar ut orda «i straffelovens forstand», er svaret ja. Dette er, så vidt eg forstår også Wieseners svar, han meiner berre at det skal ha vore eit slags pause før krigføringa kom i sving att.

Spørsmål: «Var en slik fortsatt deltagelse evident, slik at alle uten videre måtte skjønne det?» Svar: Eg går ut frå at ordet «alle» er meint bokstaveleg, og då er svaret nei. Eitt einaste unntak ville vera nok — til dømes den innsendaren som skreiv i Fritt Folk 13 11 1940 at Norge var i krig på Tysklands side. Men eg trur nok at han representerte eit svært lite mindretal. Quisling gav ein gong uttrykk for ei liknande meining, i «lov» av 14. august 1943, men då gjorde hans eigen «nasjonale regjering» oppror mot han. Meir representativt er nok det syn Quisling gav uttrykk for i ein nyttarstale 1941, der han mellom anna sa: «Det er på tide at det norske folk med forakt vender ryggen til denne landsforræderske emigrantkikk... som er alliert med en makt som blokerer deres fedreland». Talen var framført i radio, og seinare distribuert av NS-propagandaen, til dømes som bilag til NS-Propagandameddelelser nr. 1, 1941. Det heilt korrekte syn som Quisling der gav uttrykk for — at Norge var alliert med Storbritannia — burde vera temmeleg vel kjent også innanfor Nasjonal Samling.

Sysselsettingsloven foreslås forandret ivår

Kommunal- og arbeidsdepartementet tar sikte på å fremme proposisjon om endringer i sysselsettingsloven i inneværende stortings-sesjon, får NTB opplyst. Endringene vil bety en tilstramming av arbeidsutleiefirmaenes virksomhet.

Et internt tjenestemannsutvalg som ble nedsatt ifjor sommer, har utredet spørsmålet om arbeidsutleiefirmaene. Utvalget har nu avgitt sin innstilling.

Utvalget foreslår at sysselsettingsloven blir endret slik at den får bestemmelser som spesielt gjelder utleie av arbeidskraft. Det foreslår et generelt forbud mot de fleste former for utleie. Samtidig

INTERN